

FILM

Gaukereiret

Regissør Ellen Ugelstad kjemper for endring i psykisk helse med filmatisk finesse.



ELLEN UGELSTAD

🕒 3min

5. apr. 2024

**Håkon Tveit**

🕒 3min

5. apr. 2024

**Håkon Tveit**

Dokumentardrama

Regi: Ellen Ugelstad

The Recovery Channel

Med: Turid Rivertz Vatne, Valentina Alexeeva,
Ravdeep Singh Bajwa
Kinofilm

Regissøren Ellen Ugelstad presenterer seg for ein redaksjon som snakkar om psykisk helse, og fjernsynsvertane Randi (Rivertz Vatne) og Omar (Singh Bajwa) gjer seg klare i studio. Vi får klipp av Randi som vil hjelpe systema si, Ylva (Alexeeva), som har vonde erfaringar med tvang i helsevesenet.

Djupna

Med Ugelstad veit du kva du får, og du veit at det blir bra. Ho blandar dokumentar

med fiksjon. Temaet er psykisk helse, som i hennar tidlegare filmar *Making Sense Together* (2018) og *Indian Summer* (2011). Ugelstad er ein auteur innan norsk dokumentarfilm. Ho er tydeleg. Motivasjonen spring ut av livet med ein psykisk sjuk bror. I innleiinga etablerer ho kontrakten med publikum ved å gjere klart kva element som er med. Turid Rivertz Vatne er til dømes både skodespelar og sjukepleiar. Ho fengslar i spenn mellom ankerrolla og som pårørande.

The Recovery Channel er systemkritikk, på lag med dei som har vore utsette for maktovergrep. Kritikken rammar òg media. Dei set i scene ei heil nyhendesending om tvang i psykiatrien for å poengtere at fjernsynet ikkje gjer slikt. Slik ser vi styrken ikkje berre i filmen vi ser, men i dokumentarfilm som form. Filmene gjev tid til lengre intervju med fleire folk med historier som skakar oss. Vi får fleire perspektiv.

Dokumentarfilm kan gå i djupna på ein måte tidsklemma på TV ikkje tillèt. Det er òg eit poeng at filmar med slik brodd og stilistisk finesse er å sjå på kino. Her er ingen knapp for å auke farten, ingen pling frå mobiltelefonar, men fullt fokus. Då sit

filmen sterkare i kroppen. I ei scene full av mediekritikk løftar kritikarane fram ein VG-reportasje som er eit døme på at gravande journalistikk trengst. Film har same føremon med mogeleg djupn.

«The Recovery Channel er systemkritikk, på lag med dei som har vore utsette for maktovergrep.»



The Recovery Channel (forfilm)

Vernet

Ugelstad er grundig og konkret. Eg lærer. Tvangen handlar både om medisin og om belte. Det store biletet handlar om menneskerettane og kritikk mot Noreg frå FN og Verdshelegeorganisasjonen.

Intervjuobjekta som sjølve har opplevd overgrep frå helsevesenet, får lagt fram historiene sine i fine former. Vitnesbyrda til Inger Mari Eidsvik som saksøkte staten, er sterke.

Rekonstruksjonen av Ylva som blir bunden fast, skjer i hjarta. Scena blir meir effektiv av mangelen på bøller. Dei tilsette ser verkeleg ut til å bry seg. Likevel er det klart at dette må vere feil. Vernet folk treng, er eit anna. Vi må rydde opp i det psykiatriske reiret. Filmen gjev gode døme på at det går an å fri seg frå gamle former. Vi får jamvel festlege døme på konstruktiv, manisk gauking.

Ellen Ugelstad skil ikkje mellom seg sjølv som aktivist, som pårørande og som filmskapar. Ho manøvrerer rollene imponerande og tenkjer heilskap. Det er godt å sjå at ho tek seg tid til å meisle ut kunstnarisk innfallsrike og vellaga filmar med kraft. Slike filmskaparar må vi verne om.

Håkon Tveit

Håkon Tveit er lektor i latinamerikansk kultur og historie ved Universitetet i Bergen og fast filmmeldar i

Dag og Tid.

EMNEKNAGGAR

meldingar film

Fleire artiklar



A

S

D
F
svi
€

å

s

Samfunn

| Pernille Grøndal

Storebror sel deg

Rettssaka mellom Grindr og staten rettar søkjelyset mot adtech-bransjen.

Samfunn

| Eva Aalberg Undheim

Går imot ny fråværgrense

AUF har jobba for å vrake dagens fråværgrense i den vidaregåande skulen, men vil heller ikkje gå med på forslaget til nye fråværsreglar.

Ordskifte | Martin Krasnik**Strøksnes' logiske fullbyrdingar**

Morten Strøksnes nemner at Hamas har ansvaret for terroråttaket, men viser ikkje den minste interesse for den historiske og ideologiske bakgrunnen for åttaket.

Samfunn | Ole Jan Larsen**Barna som blir borte**

I mange år har det vore kjent at norske barn og unge mot sin vilje blir tekne med til heimlandet til foreldra. Barnevernet ber om kraftigare lut.

Teknologi

| Per Thorvaldsen

Tale til tekst

Med kunstig intelligens har verda endeleg fått sin babelfisk.

Kommentar

Halvor Tjønn

Kyrkja i Russland til heilag krig

Den russisk-ortodokse kyrkja har utforma eit program for å omdanna

Russland til ein religiøs
diktaturstat. Middelet som
kyrkja vil ta i bruk for å nå
målet, er krig.

Landbruk



Matmål utan jording

Noreg skal auke sjølvforsyningsgraden
av jordbruksmatvarer frå 40 til 50
prosent, samstundes som
klimagassutsleppa skal kuttast og
natur skal vernast. Ingen reknestykke
syner at det er mogleg, ifølgje
landbruksforskarar.

Eva Aalberg Undheim

sjø
av
fr.

k
sk
s
re
de
la